

Lanserte bok til inspirasjon

Måndag var det folksamt på Waldenstrøm kafé i Kviteseid. Høvet var lanseringa av boka «Med andre ord», ei inspirasjonsbok i diakoni, eit samarbeid mellom forfatarane og diakonane, Eilev Erikstein og Ivar Solbu.

Audny Barstad
audny.barstad@vtb.no

Med kaffi, kake og gode ord blei boka lansert på kaféen i går. Valet av stad for lanseringa var logisk for dei to forfatarane. Under skriveprosessen har dei møttest der mange gonger, halvvegs mellom Akkerhaugen og Dalen, der dei to høyrer heime på kvar sin kant. Waldenstrøm kafé fekk òg diakoniprisen i 2004.

Togturar og gode samtaler

Ideen til boka kom under ein togtur i 2007 mellom Hjuksebø og Kongsberg. Der sat Ivar Solbu, soknediakon i Sauherad, og Eilev Erikstein, prostidiakon i Vest-Telemark, som begge hadde ei lang fartstid innanfor diakonitenesta i Den norske kyrkja. Begge var på veg til kyrkje-møtet i Lillehammer og under turen kom dei fram til at no vil-



Prostidiakon i Vest-Telemark, Eilev Erikstein (t.v.) og soknediakon i Sauherad Ivar Solbu fekk blomar og gratulasjonar frå mellom anna Oscar J. Garnes frå prostidiakonaten i Vest-Telemark.



Biskop Olav Skjevesland serverte gjerne kaffi til forfatarane på lanseringsdagen.

le dei skrive ei bok om diakonitenesta.

Prostidiakonaten ved Oscar J. Garnes tok på seg leiaransvaret for prosjektet. I IKO-forlaget blei prosjektet godt motteke, og prosessen kunne byrje.

Under skriveprosessen har dei hatt samtaler med over 40 diakonar over heile landet. Gjennom samtaler, refleksjonar og dikt utfordrar boka til å sette menneske i sentrum. Og jamleg har dei hatt møte saman for å

diskutere og formulere boka.

I boka finn ein òg innslag frå andre forfatarar med noveller av Levi Henriksen, Karin Moe, Anne Kristin Aasmundtveit og Harald Rosenløw Eeg. Dessutan er det ei ny salme med i boka med tekst av Edvard Hoem og tonar av Henrik Ødegaard.

Illustrasjonane er av Liv Andrea Mosdøl, og Ellen Iris Lindvåg har medverka med dikt til ettertanke.

Mange gratulasjonar

Waldenstrøm var fylt opp med familie, venner, og representantar frå kyrkja og IKO-forlaget. Biskop i Agder og Telemark bispedømme, Olav Skjevesland, ynskte forfatarane til lukke med dagen, og gav klart uttrykk for at han synest boka fortener å bli lesi.

– Eg håpar at boka går over frå å vera trykksverte til å bli ein del av livet, sa han.